



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
03/2016	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	24.02.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum		16/195

### REFERATSAKER OG MELDINGAR

#### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
03/2016.1	OMBYGGING AV KUNDETORG OG HELSESTASJON I HERADSHUSET

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

#### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - Sak 03/2016**

#### **RFF - Behandling:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ga følgjande innspel til ombygginga:

- Det er viktig å ta omsyn til universell utforming.
- Sikra lett tilgjenge for rullestolbrukarar. Vera obs. på ljusopning på dør, svingradiusar og at det vert terskellaust.
- Få gode kontrastar på tavler og lett lesbar tekst. Plassering og høgde på informasjonstavle er viktig.
- Trong for teleslynge i kundetorget.
- Høgde på skranke i kundetorg: ta omsyn til lågare personar og personar som brukar rullestol.
- Det vert anbefalt å ha dør frå resepsjon i kundetorg og ut i korridoren utanfor som mogeleg rømningsveg.

**RFF - Tilråding/Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering med dei innspel som vart gitt einingsleiar under møtet.

**Saksopplysningar:****Bakgrunn**

Kommunestyret har bevilga midlar til oppussing av kundetorg samt samlokalisering av helsetasjon, psykiatri og barnevern i Heradshuset på Dale.

Ombygginga vil finne sted i to etapper:

- 1 Ombygging av kundetorg.
- 2 Ombygging av helsestasjon.

Einingsleiar for samfunnsutvikling Willy-André Gjesdal vil orientere om planane i møte og samtidig be om innspel til planane, då spesielt tilgjengeligheit og universell utforming.